



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/42286-14

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.01.2019

Avklaring av klage på planvedtak – Områdeplan for Alversund – Lindås kommune

Vi viser til vårt brev datert 20.12.2018, der vi klagar på Lindås kommune sitt planvedtak for områdereguleringsplan for Alversund. I brevet ber vi også om at vår klage får oppsettande verknad.

Avklaringar i januar 2019

I januar 2019 har Statens vegvesen vore på 2 møte med Lindås kommune om denne saka, den 8.januar og 21.januar. I møtet 21.januar deltok også fylkeskonservator frå Hordaland fylkeskommune, ettersom dei vegtekniske avklaringane er avhengig av flytting av kulturminne (lemstove).

Gjennom møta er det semje mellom partane om vidare prosess. Lindås kommune vil fjerne den mellombelse anleggsvegen frå plankart og føresegner. Vidare vil dei innarbeide rekkefølgjekrav om at det regulerte krysset til skuletomta skal være opparbeidd før arbeid på skuletomten kan starte. Detaljer rundt utforming og anleggsperiode vil verte avklart i ein eigen gjennomføringsavtale med Statens vegvesen, jf. reguleringsføresegn § 7.1.2.

Vi legg til grunn at nytt køyremønster i kryss med fv. 565 skal være opparbeidd før grunnarbeid kan starte på skuletomta, samt at krysset skal vere ferdig bygd og godkjent for offentleg overtaking før arbeid med bygningar kan starte. På den måten vil ein sikre kortast mogleg byggjetid for kryssområdet og ei trafiksikker løysing i byggeperioden.

Det er også avklart at byggegrensa langs fv. 565 er satt til 30 meter frå vegmidte, men at det var ein feil i tidligare tilsendt plankart. Samtidig er det semje mellom partane om at det kan søkast om ein mindre dispensasjon frå byggegrensa for plassering av lemstova, såframt ein har avklart at det er tilstrekkeleg areal igjen til å kunne byggje ein god trasé for gåande og syklende på eit seinare tidspunkt. I den vurderinga er det viktig at ein tar med naudsynt

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

areal til grøft og arbeidsrom for maskiner i byggjetida, utan at ein kjem i konflikt med lemstova.

I møtet 8.januar vart det også avklart frå Lindås kommune at dei ville endre føresegn § 2.1.2 slik at o_SGS1 vert del av kravet om felles planlegging.

Vidare prosess

Med dei avtalte endringane i områdereguleringsplanen vil Statens vegvesen trekke sin klage på planvedtaket, og Lindås kommune kan etter vårt syn eigengodkjenne områdeplanen når endringane er utført. På bakgrunn av avtalen trekk vi også attende vårt krav om at klagen skal ha oppsettande verknad.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN